



## Møteprotokoll

Vår dato: 16.01.2019

**Aust-Telemark vassområde**

**Møte** : Styringsguppemøte  
**Møtestad** : Landbrukskontoret i Atrå  
**Møtedato/-tid** : 22.11.2018 kl 12:00 –15.00

Møteleiar: Ragnar Gunleiksrud

Referent: Liv R. Flå

**STYRINGSGRUPPA:****Tilstades:**

Ragnar Gunleiksrud (leiar) Tinn kommune  
Ole Henning Skogen Notodden kommune

**Forfall:**

Håvard Bakka (nestleiar) Telemark fylkeskommune (Tfk)  
Harald Kinck (vara) Telemark fylkeskommune (Tfk)  
Asbjørn Gardsjord Vinje kommune

**ARBEIDSGRUPPA:****Tilstades:**

Bjørn Bjørnsen Tinn kommune  
Ida Larsen Reinsviki Vinje kommune  
Jørn Ingar Sanda Notodden kommune  
Nicolai Østhus Øst-Telemarkens brukseierforening (ØTB)  
Liv Rigmor Flå Vassområdekoordinator (VK)

**Forfall:**

Dorthe Huitfeldt Vinje kommune  
Arne Kjellsen/Irvin Kilde Fylkesmannen i Telemark (FM)  
Anita Kirkevold Telemark fylkeskommune (Tfk)

**Saksliste:**

Nr.	Sak
04.01	<b>Godkjenning av møteinnkalling og saksliste</b> Møteinnkalling og saksliste godkjent.
04.02	<b>Referatsaker/ Orienteringssaker</b>

1.Referatet frå styringsgruppemøtet 06.03 2018 .

Referatet vart godkjent. Det vart gjeve tilleggsinformasjon til følgjande punkt:

Sak 03.03, pkt. 2: Nytt ang. høyring av forslag til endringar av naturmangfaldlova og vassforrskrifa  
Klima og miljødepartementet (KLD) kunngjorde 13.06.18 at det ikkje vart endringar i vassforskrifta på noverande tidspunkt.

Sak 03.03, pkt.3: Søknad om midlar til generelle miljøtiltak i vassdrag 2018.

Det kom avslag på søknaden frå Miljødirektoratet 05.04.18. Avslaget var begrunna med at søknaden ikkje fall inn under formålet med tilskottsordninga “Generelle miljøtiltak i vassdrag” (tiltak for å nå miljømåla i vassforskrifta). Som kjent definerte KLD ved den sentrale godkjenning av forvaltningsplanen i 2016 at miljømålet i Gøyst og Mår er nådd.

Sak 03.06, pkt. 2 Overvakingsplan 2018.

A. Kjellsen (Fylkesmannen) og konsulent S.Trønhus sette opp eit forslag til overvakingsplan for 2018 med same stasjonar og prøvetakingsfrekvens som i 2016 og 2017 (d.v.s overvaking av Måna), som vart handsama i møtet 06.03.18.

Eit forslag til overvakingsplanen frå arbeidsgruppa var at det bør skaffast meir kunnskap om tilstanden til vassforekomstar som på grunn av ukjent påverknadsgrad (påverka av avrenning frå avløpsanlegg, landbruk, veg, spreidd busetnad og hytter) er sett i risiko for ikkje å nå miljømålet. Dette forslaget vart godkjent av styringsgruppa.

Endeleg overvakingsplan for 2018 vart sett opp i møtet mellom Fylkesmannen og vassområdet i mai. Det vart vurdert som viktig å ta inn forslaget om meir kunnskap om tilstanden til vassforekomstar med ukjent påverknadsgrad. Bakgrunnen for dette var at meir kunnskap ville kunne gje grunnlag for evt. å friskmelde vassforekomstar i inneværande planperiode, evt. starte med planlegging av tiltak for å nå miljømåla i neste planperiode. Det vart vurdert som mindre hensiktsmessig å vidareføre overvakinga i Måna i 2018, samtidig som det vart påpeika at overvakinga bør takast opp igjen når fleire tiltak på avløpsanlegga på Rjukan er gjennomført (måle effekten av tiltaka). Punktet om fortsatt overvaking av Måna i 2018 vart såleis sløyfa i den endelege overvakingsplanen.

Sak 03.07, pkt.3 Eventuelt – Fisk/fiske gjennom Måna sentrum

Det blir for tida arbeid med habitatforbetrande tiltak i Måna nedstrøms Dam Dale. Kva effekt desse tiltaka har for oppvandring av fisk i elva, bør evaluerast før ein evt. startar med å vurdere ei fisketrapp.

2. Orientering om status for prosjektet «Turveg nedre Måna»

Hydro har gjennomført habitatforbetrande arbeid i Måna frå Dam Dale til ca 500 meter oppstrøms Gausta bru i 2018. På turvegen vart det opparbeidd ein parkeringsplass/ rasteplass ved Bruflåt, og gjort noko arbeid rett nord for Gausta bru. Det er teikna skriftlege avtalar mellom grunneigarane, Tinn kommune og Hydro/ ØTB på strekninga mellom Bruflåt og Gausta Bru, forutan ved Gaustatippen der det ikkje er funne ei løysing (enterpenør har privat avtale med grunneigarane om å disponere tippen, leirdueskyting over Måna frå skytebanen krev spesielle sikringstiltak). Hydro vil vidareføre vegbygginga frå Bruflåt i 2019.

Rjukan Næringsutvikling jobbar med eit prosjekt for å finne ei tilfredsstillande løysing for å føre avløpet frå Salmofarm AS på Svadde ut til 50 m djup i Tinnsjø, der eit alternativ er å samkjøre dette prosjektet med turvegprosjektet slik at avløpsledninga kan gå i traséen til turvegen. Det er ikkje teke noko avgjerd med hensyn til avløpshandtering frå Salmofarm, og inntil ei evt samkjøring mellom prosjekta vil opparbeiding av turvegen gå som tidlegare planlagt.

3. *Orientering om arbeidet med biotopiltak i nedre delar av Mår og Gjøyst v/Nicolai Østhus(ØTB)*  
Vassområdet arrangerte ei synfaring i nedre delar av Mår og Gjøyst i september 2018. Bakgrunnen for synfaringa var å få vurdert biotopiltak som kan føre til auka oppvandring og gyting i elvane. (Referat frå synfaringa: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/vestviken/vannomraader/aust-telemark/nytt/2018/synfaring-til-mar-og-gjoyst-12.09.2108/?id=74965> ).

Regulanten er positiv til at vassområdet tok initiativ til ei synfaring i Mår og Gjøyst. Synfaringa resulterte i at NVE har kome med ei henstilling til regulanten om å lage skissemessige planar for tiltaks gjennomføring i nedre delar av elvane.

Regulanten har engasjert Roland Heibel i Økogrønt til å utarbeide skissemessige planar som kan gje auka oppvandring og gyting i Mår og Gjøyst. Fisketrapp ved Kaddehølen i Mår vil evt. bli vurdert på eit seinare tidspunkt når ein ser om biotopiltak for auka oppvandring på den nederste strekninga får ønska effekt. Planane vil truleg vera ferdigstilte og sendt til NVE i løpet av desember.

NVE vil deretter sende planane ut på ei begrensa høyring (Fylkesmannen, kommunen, lokale grunneigarar).

#### **04.03 Planprogram og Hovudutfordringar for planperiode 2022-2017**

«Planprogram for vannregion Vest-Viken 2022-2027» og «Hovudutfordringar i vannregion Vest-Viken 2022-2027» skal på felles høyring i perioden 01.04.2019 - 01.07.2019.

Dei 18 vassområda i vassregionen skal utarbeide dokumentet «Hovudutfordringar i vassområdet», som skal danne grunnlaget for Hovudutfordringar i vannregion Vest-Viken. Dei 18 grunnlagsdokumenta vil bli lagt ved hovuddokumentet i høyringa.

##### *1. Forslag til planprogram*

##### Innspel frå arbeidsgruppa til styringsgruppa:

- Det er behov for konkretiseringar og utfyllande informasjon i enkelte kapittel, men forslag til planprogram er i hovudsak eit informativt og lettfatta dokument.

##### Kommentarar:

- Det er korte tidsfristar i prosessen med å ferdigstille høyringsdokumenta, og det kan derfor berre bli ein nokså overflatisk gjennomgang i vassområdet før innspel til planprogrammet.
- Vassområdet bør ha ei grundig handsaming når dokumenta kjem på høyring. Vedtaket som blir gjort i vassområdet bør gå som ei tilråding til kommunane i den kommunale handsaminga av høyringa.
- Vassområdekoordinator set opp eit forslag til innspel til planprogrammet, og sender dette ut til styringsgruppa og arbeidsgruppa for tilbakemelding.

##### Vedtak:

Vassområdekoordinator set opp eit forslag til innspel til planprogrammet og sender dette til styringsgruppa og arbeidsgruppa for tilbakemelding.

Følgjande forslag vart sendt i e-post 22.11.18 til styringsgruppa og arbeidsgruppa, med frist for tilbakemelding 28.11:

Generelt gjev planprogrammet ei oversiktleg og lettfatta framstilling av planprosen fram til revidert forvaltningsplan. Det er positivt at det i rulleringa er lagt opp til ei konsekvensutgreiing av kva planen vil bety for

miljø og samfunn, at det vil bli lagt meir vekt på klimaendringar/ klimatilpassningar, og at samfunnsinteresser/ brukarinteresser vil få større fokus i neste planperiode. Aust-Telemark vassområde har følgjande forslag til endringar/ justeringar i planprogrammet:

1) Pkt 8. Organisering av arbeidet i vassregionen

Dei tre alternative modellane til ny organisering bør utgreiast nærmare, t.d

- Kor mange medlemmar frå vannregionmyndigheita (VRM) og fylkeskommunar (politisk nivå) er det lagt opp til i den nye organiseringa av vannregionutvalget (VRU)? Dette er særleg viktig å få avklara i høve til at politisk styringsgruppe fell ut i to av modellane.
- Kva funksjonar skal VRU, AU og arbeidsgruppa ha i den nye organiseringa?
- Dagens arbeidsutvalg (AU) har benemninga arbeidsgruppe i alt 1 og 2, medan det igjen blir kalla arbeidsutvalg i alt.3. Dette er forvirrande og kan skape misforståingar.

2) Pkt. 8.2 Endring i vassområdeinndelinga

Telemark fylkeskommune v/Ingrid Strande gjorde i 2015 ei samanstilling av fordelar og ulemper ved alternative inndelingar av vassområda i Telemark. Drøftingar av dei ulike alternativa i vassområda viste at det er mange moment som bør med i ei vurdering av vassområdeinndeling. Desse momenta kan vera formålstenleg å få inn i planprogrammet, som aktuelle «drøftingspunkt» i ein prosess med ny vassområdeinndeling. «Alternativ for inndeling av nye vassområde i Telemark (26.10.2015)» er vedlagt.

3) Pkt 9.3 Plan for deltaking og medverknad

Her bør det framgå at vassområda/ vassregionen har knapp tid på å utarbeide planprogram og hovudutfordringar, og at dette medfører at vi ikkje får ein prosess med medverknad frå brukarinteresser og andre involvere før planen skal ut på høyring.

4) Pkt. 10.2 Oppdatere miljømål, unntak og tiltak

Dei fleste forslag til tiltak for regulerte vassdrag i forvaltningsplanen for 2016-2021 vart forkasta i den sentrale godkjenninga av KLD i 2016 og miljømåla sett til dagens tilstand. Planprogrammet bør omtale denne prosessen (motstrid mellom regionale vedtak og den sentrale godkjenninga). Vidare bør planprogrammet belyse om det vil bli sett krav om ny kunnskap t.d. for at vassforekomstar som fekk mindre strenge miljømål i 2016, kan takast opp til ny vurdering i neste planperiode.

Det kom ingen tilbakemeldingar på forslaget, som derfor vart sendt som innspel frå Aust-Telemark vassområde. til forslag til planprogram.

2. Arbeidet med Hovudutfordringar i vassområdet

- Dokumentet skal lagast etter ein mal frå Miljødirektoratet (endeleg versjon av malen vart sendt ut til vassområda 28.11.18). Figurar og tabellar som skal nyttast i dokumentet ligg på Vann-Nett portal, og vil bli oppdatert etterkvart som det skjer evt. endringar av data som er registrert på vassførekomstane.
- Leveringsfristen for Hovudutfordringar frå vassområda til Vest-Viken vassregion er 21.12.18.
- Arbeidet med høyringsdokumenta har nettopp starta, og det føreligg derfor ikkje eit utkast av hovudutfordringar i Aust-Telemark vassområde til styringsgruppemøtet. Førebels mal til Hovudutfordringar vart sendt ut med møteinnkallinga, og vart gjennomgått på møtet.

Forslag frå arbeidsgruppa til styringsgruppa

- Vassområdekoordinator lagar eit utkast av hovudutfordringar som blir sendt til styringsgruppa og arbeidsgruppa pr. e-post innan 17.12, med frist 20.12 for tilbakemeldingar. Dokumentet blir justert i høve til tilbakemeldingane og sendt til vassregionen innan 21.12.18
- Vassområdet legg opp til ein prosess for medverknad frå grunneigarar og andre involverte i høyringsperioden 01.04.19-01.07.2019.

Kommentarar:

- Det er kort tidsfrist for å utarbeide dokumentet, og vi rekk derfor ikkje ein grundig gjennomgang i arbeidsgruppa og styringsgruppa før ferdigstilling.
- Det blir for kort tid til at vi kan få til medverknad frå grunneigarar og andre involverte i denne delen av planprosessen.
- Det blir viktig med involvering av grunneigarar og brukarinteresser i høyringsperioden.
- Vassområdet bør ha ein grundig gjennomgang av dokumenta når dei kjem på høyring. Vedtaket i vassområdet bør gå som tilråding til kommunane i den kommunale handsaminga av høyringa.

**Vedtak:**

- Vassområdekoordinator (VK) lagar eit utkast av Hovudutfordringar i Aust-Telemark vassområde som blir sendt til styringsgruppa og arbeidsgruppa pr. e-post innan 17.12, med frist 20.12 for tilbakemelding på utkastet. Etter evt. justeringar sender VK dokumentet til vassregionen innan 21.12.18.
- Vassområdet må legge opp til aktivitetar som kan skape medverknad frå grunneigarar og andre involverte i høyringsperioden.

**Oppfølging:**

Dokumentet vart sendt til arbeidsgruppa og styringsgruppa for gjennomsyn 13.12, med frist for tilbakemeldingar 19.12. Det kom forslag om nokre tilføyingar og presiseringar frå Nicolai Østhus. Dette vart teke inn i dokumentet, før endeleg versjon vart sendt til vassregion Vest-Viken 21.12.18.

**04.04 Førespurnad om 6 mnd jobb for masterstudent i vassområda i Telemark**

Vassområda i Telemark har fått ein førespurnad om vi har relevante arbeidsoppgåver i 6 mnd for ein masterstudent som er teke opp i trainee-programmet for Vestfold og Telemark. Studenten har masteroppgåve i grunnvatn.

Dei seks vassområda i Telemark drøfta tidlegare i haust om vi kan gå saman om å tilby jobb i 6 mnd. (1 mnd jobb i kvart vassområde). Dette vil gje ein kostnad pr. vassområde på kr. 30.000.

**Forslag frå arbeidsgruppa til styringsgruppa:**

Aust-Telemark vassområde engasjerer masterstudenten i 1 mnd. for å karakterisere grunnvassførekomstane. Utgiftene på kr. 30.000 vil bli dekt av bundne prosjektmidlar.

**Kommentar:**

Gørli E.B. Andersen er tilsett som vasskoordinator i 40 % stilling i Telemark fylkeskommune. Ho er sjukmeldt ut 2018, og vassområdekoordinator i Midtre Telemark vassområde (MTVO), Anita Kirkevold, vikarierer i stillinga frå 1.nov. Vikariatet vil naturleg nok gå utover arbeidet i MTVO, og det kan derfor bli behov for at masterstudenten bidrar i den ordinære drifta av MTVO. Det er svært positivt for arbeidet som skal gjerast på vassområdenivå fram til jul at det er ein fungerande vasskoordinator på fylkesnivå, og det kan derfor vera naturleg at også andre vassområde bidrar i finansieringa av ekstrahjelp i MTVO.

**Vedtak:**

Aust-Telemark vassområde kan bruke inntil kr. 30.000 frå bundne prosjektmidlar til å engasjere masterstudenten i 1 mnd, fortrinnsvis til karakterisering av grunnvassførekomstane. Etter nærare avtale kan delar av denne summen brukast til å finansiere at masterstudenten deltek i ordinære vassområdeoppgåver i MTVO, forutsatt at vassområdekoordinatoren der også framover vil bruke 40 % av tida som vasskoordinator på fylkesnivå.

<b>04.05</b>	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>1. <u>Merking av fredningssone ved fisketrappa på Tinnoset</u></p> <p>Ole Henning Skogen informerte om eit initiativ (oktober 2018) frå Jon Ivar Finnekåsa (leiar i interimstyret i Nedre Tinnsjø utmarkslag), om at fredningssona på begge sider av fisketrappa på Tinnoset bør merkast. I dag er det merka på nedsida, men skiltet er i dårleg forfatning. På oppsida av fisketrappa er det inga merking. Det var tidlegare noko kontakt mellom kommunen og Fylkesmannen om saka, utan at det resulterte i merking.</p> <p>Vidare stiller Finnekåsa spørsmål om det bør fredast på vestsida av Tinnsjø på Tinnoset, i same utsrekning og tidsrom som på austsida (01.10-31.12). Han stiller også spørsmål om korleis kontrollen med at forskrifta blir følgd best kan gjennomførast. Finnekåsa sendte denne henvendinga både til Fylkesmannen, Notodden kommune og Notodden Jeger og Fisk.</p> <p>Skogen foreslår eit samarbeid mellom Midtre Telemark vassområde og Aust-Telemark vassområde i saka, og at vassområda tek kontakt med fiskeforvaltar for å følgje opp kva som er gjort hos Fylkesmannen og om det føreligg konkrete planar for merking og kontroll av fredningssona.</p>
--------------	--

Atrå, 16.01.2019

Ragnar Gunleiksrud (sign.)  
leiar for styringsgruppa  
Aust-Telemark vassområde